

Ståande applaus for jubileumskonsert

Eit særdeles dyktig BIT20 Ensemble og verdspremiera på Knut Vaage sin «multiMORF 3 for trombone og foss», vekte stor begeistring hos publikum i Baroniet fredag kveld.

BIT20 Ensemble og trompetist John Arild Suther samla ein full borggard då dei fredag kveld heldt sin jubileumskonsert for komponist Knut Vaage frå Sunde. Vaage fyller 50 år i år, og ensemblet ønskte å hylla sin samarbeidspartner gjennom tjue år med konsert over hans eigne komposisjoner.

Professor i kunsthistorie, Gunnar Danbolt, introduserte musikkstykket for publikum og forklarte litt om korleis musikken skal forståast. Det fyrste av dei tre stykka ensemblet framførte, var «Moment», to av fem satsar.

— Samtidsmusikk er litt som abstrakte bilet. Ein må lytta, studera dei. Plutseleg oppdagar ein element som har med landskap å gjera, forklarde Danbolt om «Moment», og la til at det er publikum sjølv som ferdiggjer musikken og opplever den på sin måte.

Framførte fossar

Stykke nummer to, «Odyssey», var ein reise gjennom Edvard Grieg sin livlege «Opus 54». BIT20 framførte Vaage si betrakting av musikkverket på ein særeigen og fantastisk måte, og energien var næ-



50-årsjubilant Knut Vaage og samarbeidspartnerane tok i mot hyllest og applaus etter konserten i Borggården.

rast elektrisk då elementa fra «Troldtog»-temaet fleire ganger dukka opp. Publikum betrakta med stor forundring og beundring korleis desse profesjonelle musikarane handterte instrumenta sine og brukte dei til skapa alle slags naturlydar.

— Grieg satt ofte ute og lytta etter lydar i naturen, som han så gjekk heim og lagde om til musikkstykke, fortalte Dan-

bolt.
Kveldens store rosin i pølsa, som mange var spente på og hadde gledd seg til på førehand, var verdspremieren på foss og trombone i samspel; «multiMORF 3 for trombone og foss». Lyd- og videooppdrag gjort av Hattebergsfossen og Steindalsfossen var blitt bearbeidd for å passa til ei publikumsframføring. Dei einskilde

tonane i fossebrusen vart trekt fram i varierande styrke, medan John Arild Suther framheva tonane med trombonen sin.

På ein storskjerm vart bokstavleg tala tilslørte fossebilete vist fram, og saman med fossemusikken gav dette nærmest ei hypnotisk effekt. Publikum har neppe vore i nærleiken av ei framføring som dette på

konsert før, og responderte med stående og langvarig applaus då den nesten to timer lange konserten var slutt. Jubilanten sjølv var då framme på scenen saman med Suther og dei andre bak fossekomposisjonen, og tok i mot applausen og blomar.

Elisabeth Berg Hass
elisabeth@grenda.no

Beste musikalske innslag i paraden på Sildajazzzen

Brazzooka har hatt to eventyrlige dagar på Haugesund internasjonale jazzfestival, Sildajazzzen.

Jazzbandet hadde avtale om to konserter i teltet ved «To glass», ein konsert på Maritim utescene og deltaking i den årvisse gateparaden gjennom Haraldsgata laurdag føremiddag.

Det var mykje å gle seg til, men det dei unge musikarane fekk oppleve overgjekk alle forventningar.

Brazzooka heldt tre flotte konserter. Både konserterne i teltet og på utescena ved Maritim samla mange tilhøyRAR. Publikum vart overraska over det dei fekk høre og det var anerkjennande nik og kjekke kommentarar over alt. Det svingar skikkeleg av den flotte ungdomsgjengen. Det gjekk endå til an å danse på bordet av glede over den flotte musikken!

Paul Harrison band frå Danmark og England spelte før Brazzooka i teltet fredag kveld og som avslutning på si avdeling inviterte dei Brazzooka opp på scena med seg til fellesnummer.

Etter Brazzooka denne kvelden skulle Brasshoppers frå Liverpool spele og



også dei ville spele saman med ungdommane – så då vart det fellesnummer igjen.

Dei erfarene musikarane i begge gruppene var veldig imponerte over Brazzooka som presenterte sjølvlagda musikk med dugleik og utstråling som var unik. Dei hadde ikkje hørt eller sett makan. Og dei har hørt og

sett mykje.

Laurdag var det gateparade og overraskinga var stor for Brazzookagjenget då dei vart trekt opp på scena som vinnarar av prisen for beste musikalske innslag i paraden.

Prisen var billettar til ein konsert seinare på kvelden, men viktigast av alt; ære og berømmelse. Deltaking i

Laurdag vart Brazzookagjenget trekte opp på scena som vinnarar av prisen for beste musikalske innslag i paraden.

gateparaden er i følgje Sildajazzzen ein viktig del av søknaden om å få delta på neste års festival. Så no er det berre for Brazzooka å håpe og gle seg til neste Sildajazz, medan dei pleier nye venskap med jazzmusikarar i inn og utland.

Tekst/foto: Kristin Lamberg